



Det vart sunge både på spansk og norsk. Til venstre kommunalsjef Asbjørn Skår og til høgre rektor Valdemar Tzurec. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Eg har ikkje møtt ein sur person i Kvinnherad. Dykk er alle så veldig glade. Truleg er det fordi alle kjenner seg så unge og er fulle av energi. Denne attesten kom barneskulerektor Valdemar Tzurec frå San Lucas Toliman i Guatemala med i Bøkkerverkstaden måndag kveld. Der heldt kommunen kystkulturkveld for han og Carmen Alicia Cuj som er den første kvinne i kommunestyret i venskapskommunen til Kvinnherad.**



Dei to gjestene frå Guatemala med tolk Magne Fitjar i midten. I forgrunnen kveldens meny. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette er tredje gongen kommunen har ein slik kveld på denne staden for ei gruppe frå Guatemala og dei to gjestene gav uttrykk for stor takksemnd over det sambandet har gjeve deira kommune i dei 10 åra det har vara og over den mottakinga dei har fått i Kvinnherad.

Ein av opplevingane denne veka har vore ein stor garnfangst utanfor Valen, mellom anna av ein sju kilo stor breiflabb som gjestene fekk servert til middag! I Bøkkerverkstaden vart det servert lubbesild. Gjestene likte silda - det er vanleg med tørka og salta fisk også i Guatemala. Men dei la til at det var strevsamt å eta silda!

Bortsett frå stadig sterkare venskapsband har sambandet så langt konkretisert seg i seks stipend for elevar i vidaregåande skule som blir dekt med 6.500 kroner i året pr. stipend frå ymse kjelder og via ein eigen kanal. Kven som skal få stipenda vert avgjort i Guatemala. Eit stipend til kjem om stutt tid.

- Det er utdanning som skaper demokrati, sa Sissel Aarseth frå kulturkontoret då ho orienterte om tiltaket.

Tysdag skal dei to frå Guatemala drøfta ei anna sak med kommuneleiinga i Rosendal. 100.000 frå Kvinnherad kommune til eit vatnprosjekt står framleis på bok og korleis desse pengane skal overførast og nyttast er enno ikkje avklara.

Oddvar Larsen i Guatemalagruppa kom i Bøkkerverkstaden inn på at folk i San Lucas lever under tilhøve som Noreg kjenner frå si nære fortid.

Og folk frå Guatemala som kjem hit kan bli overvelda hvis dei ikkje veit at det også her har vore ein forløpar. Difor er det viktig å gje dei eit innblikk i vår fortid.

Larsen meinte at vi for vår del har godt av å ta med oss kunnskap og inntrykk frå Guatemala av i dag inn i vår overflodskvardag.

Det Carmen Alicia Cuj fortalde frå kvinnekvardagen i landet sitt gjorde inntrykk. Diskrimineringa er framleis omfattande.

- Mennene morer seg og kvinnene tek seg av ungene heime. Mange blir gravide tidleg slik at dei må gje opp sin eigen utvikling. Korleis kan vi så hjelpe desse kvinnene, undra ho.

Kultursjef Kristian Bringedal leia venskapskvelden som var prega av både norsk og spansk song og god stemning i ei spesiell atmosfære. Gjestene fekk ikkje berre orientering om bøkkerhandverket men også om ølbryggjing i Humlepungens regi.

Av Ola Matti Mathisen